



Modalen kommune
Postboks 44
5729 MODALEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/223 - 20/1616

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
07.07.2020

Oppsummering av synfaring 7.juli 2020 på landbruksvegen i Mostraum GBNR 74/1-4

Tilstade på synfaringa 07.07.20 var Øystein Senneseth, Mikkel Bengtsson og Laila Bjørge. Årsaka til at det har vore to synfaringar var at det ikkje passa for alle grunneigarane første gong.

Målet med synfaringa var å sjå på fellesvegen mellom Mostraumviki og Mostraum Haugen i høve til trong for utbetring og vedlikehald på vegstrekk som ligg på 74/4.

Bakgrunn:

På synfaring 23.06.2020 med dei andre grunneigarane la Einar Farestveit la fram fleire dokument som gjaldt vegen. Tilsegn om tilskot frå Hordaland landbruksselskap datert 7.des 1973. Fråsegn om fri veggrunn datert 30. juni 1975, Garanti for framtidig vedlikehald av jordbruksveg 8. januar 1973. Vegen vart bygd kring 1973-1975. Prosjektet var prosjektert og kostnadsrekna av kommunen, og det vart gjort utbetringar på kaien i forkant av arbeidet for i landføring av maskiner.

Vegen vart bygd som traktorveg med 2, 5 meters breidd pluss veggrøft. Grunneigarane hugsar ikkje kven som var entreprenør, men inntrykket er kommunen både prosjekterte og var ansvarleg for arbeidet. Bygging av vegen var grunngjeve med behov for transport av varer, livdyr, m.m. mellom Haugen og Mostraumsviki.

Status for vegen i dag.

Det er i dag ikkje fastbuande i Mostraum, så bruken av vegen er endra. Det går framleis føre seg varetransport med traktor, sjølv eigedomane i dag vert brukt til fritidsføremål. Dei 4 grunneigarane er flinke til å stella jord med beitepussing og heldt dei gamle landbruks bygningane godt vedlikehalde. Det er ikkje er noko drift på bruka, men vegen vert nytta til uttak av ved og tømmer og til transport av bygningsmateriell og anna som trengs til vedlikehald.

Trong for vedlikehald:

Vegen er i hovudsak grasdekt, med synlege kjørespor. Den er fleire stader sterkt erodert, noko som truleg skuldast attgrodde veggrøfter/stikkrenner. Vegprofil mangla og kantane er høgare enn hjulspora i vegen, slik at vatnet har vaska vekk grus/finstoff i topplaget. Vegen er smal, omtrent 2 meter utan veggrøft.

Vegen har ikkje vore vedlikehalde på lang tid og det er naudsynt å gjera ei vøle. Grunneigarane er av den oppfatning at ein må ha gravemaskin for å reinska opp att dei gamle veggrøftene, det må fyllast singel og grus og lagast skikkeleg profil slik at vatnet kan renna av. Stikkgrøfter må reinskast opp og ein må sjå om dimensjonen er stor nok i høve til å leia vatnet vekk. Det er mogleg at det bør lagast ny stikkrenne ved ovanfor det gamle posthuset, og legga ned dreneringsrør i veggrøfta

På synfaringa 7.07.2020 såg ein først på partiet frå kaien og opp til det gamle posthuset. Grunneigar har ynskje om at vegen framleis skal vera grasdekt i midten, men ser at det var naudsynt med oppreinsking av veggrøft, sidan mykje av vatnet har tatt nytt løp og renn i hjulspora i staden for i veggrøfta. Frå denne stikkrenna ville han gjerne ha lagt grøfta i rør ned mot sjøen, slik at det vert eit samanhengande jordstykke som er lett å slå. Det vart diskutert kor mykje av denne grøfta som er knytt til vegen, men den har viktig funksjon å leia vekk vatn frå veggrøfta overfor. Det kan hende at oppreinsking av veggrøft/stikkrenne vil løysa mykje av problema med vatn i vegen, og ein lyt vurdera om det er trong for lukking og eventuelt om dette høyrer til vegprosjektet.

For å gjera det enklare med slått og vedlikehald vil grunneigar gjerne lukke enkelte parti av veggrøfta lenger oppe og (sjå flyfoto). I samband med oppreinsking av grøfta må ein vera sikker på at stikkrennene verkar som dei skal . Elles var det snakka om å fylla på massar på vegen for å få skikkeleg vegprofil. Grunneigar var oppteken av at arbeidet måtte gjerast med ei mindre gravemaskin og så skånsamt som råd for å ta vare på det estetiske rundt tunet og kaien.



Figur 1 flyfoto Mostraumviki

Ei mogleg løysing som vart diskutert var at kommunen ytte tilskot til grus, pukk, transport, gravemaskin m.m., og at grunneigarane utførte arbeidet i fellesskap. Dette vert å koma attende til i dialog med dei 4 grunneigarane.

Figur 2 bilder av veg og stikkrenne



Med helsing

Laila Bjørge
landbruksjef

Mikkel Bengtson
Rådgevar skog og vilt

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen signatur

Mottakere:

Einar Farestveit

Geir Mostraum

Modalen kommune

Roger Mostraum

Øystein Senneseth

Postboks 44

5729

MODALEN